



VIL DU DELTA I FORSKINGSPROSJEKTET «ERFARINGAR MED OVERVEKT»

Ein studie om personar med overvekt sine erfaringar i møte med fastlege

FØREMÅLET MED PROSJEKTET OG KVIFOR DU BLIR SPURT

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der me vil undersøkje kva erfaringar personar med overvekt har i møte med fastlege.

Formålet med denne studien er å få fyrstehandserfaring hjå personar med overvekt. Auka innsikt i erfaringar kan bidra til utvikling av kunnskap om når og korleis fastlege, og hjelpeapparatet generelt, best kan ta opp vekt som tema og samtale kring det.

Problemstillinga: *Korleis erfarer personar med overvekt å bli møtt av fastlegen?*

Metode: Studien har eit kvalitativ design. Inntil tolv semistrukturerte individuelle intervju skal gjennomførast etter å ha rekruttert informantar gjennom sosiale medium, private aktørar knytt til livsstilendring, annonsering, oppslag og snøballmetoden.

KVEN ER ANSVARLEG FOR FORSKINGSPROSJEKTET?

Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for forskingsprosjektet. Prosjektet vert ei masteroppgåve ved utdanninga Master i samhandling innan helse- og sosialtenester og vert gjennomført av masterstudent Lill Anette Juvik. Prosjektansvarleg og rettleiar er Anne Marie Sandvoll, Professor ved Institutt for helse- og omsorgsvitskap ved Høgskulen på Vestlandet.

DU VERT SPURT OM Å DELTA DERSOM DU:

- har ein KMI mellom 25-30 i følge WHO sin klassifisering av KMI
- har ein KMI som eg høgare enn 30 og vil bli intervjuet i perioden i livet du hadde ein KMI mellom 25-30
- har eller har hatt tankar om at overvekt er eller kan bli ei utfordring for deg – fysisk, psykisk eller sosialt
- er mellom 18-55 år, mann eller kvinne
- du **har** erfaring eller **ikkje har** erfaring med å snakke med fastlegen om overvekt

KVA INNEBER PROSJEKTET FOR DEG?

Dersom du ynskjer delta i forskingsprosjektet vert du intervjuet av Lill Anette Juvik. Intervjuet varer 1 – 1,5 time og er individuelt. Det kan gjennomførast fysisk, via telefon eller videomøte der Microsoft Teams vert nytta. Intervjuet vert teke opp på lydband, og skriv ned i etterkant. Lydbandet vert så sletta. Det skriftlege materialet vert gjort anonymt.

Intervjuspørsmåla vil mellom anna handle om dine tankar kring overvekt, din eigen situasjon og tankar du har kring framtid. Dine erfaringar, eller manglande erfaringar, i møte med fastlege og dine tankar om korleis du ynskjer å bli møtt.

Gjeldande reglar for smitteverns i høve til covid-19 vert ivaretekne.

MOGLEGE FORDELAR OG ULEMPER

Fordelane med å delta kan vere ei positiv oppleving med å dele egne erfaringar som kan vere til nytte for andre.

Intervjusituasjonen kan gje refleksjon og ny innsikt omkring eigen situasjon. Ulempene kan vere tidsbruk, og å bli beden om å dele personleg erfaringar.

FRIVILLIG DELTAKING OG HØVE FOR Å TREKKE DITT SAMTYKKE

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke ditt samtykke tilbake uten grunngeving. Dersom du trekker deg fra prosjektet, kan du kreve å få slette innsamla opplysningar, med mindre opplysningane allereie er inngått i analysen. Dei andre opplysningane vert slette. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

Ditt samtykke er grunnlaget for å behandle opplysningane om deg. Om du har samtykka til behandling av personopplysningane dine kan du kreve innsyn, retting av uriktig registrerte opplysningar og sletting av opplysningar. Prosjektleiaren behandlar førespurnaden og du kan klage avgjerda inn for Datatilsynet

PERSONVERN - KORLEIS ME TEK VARE PÅ OG NYTTAR OPPLYSNINGANE DINE?

Me vil berre nytte opplysningane om deg til det føremålet me har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Berre masterstudenten og rettleiar vil få tilgang til lydband og intervjuutskrifter. Innsamla datamateriale vert lagra anonymisert og på ein sikker måte på Høgskulen på Vestlandet sin forskningsserver, i tråd med retningslinjer.

Lydband og intervjuutskrift vert behandla utan namn og fødselsnummer, og andre direkte attkjennande opplysningar. Det vert ikkje mogeleg å identifisere deg gjennom resultatene av studien når denne vert publisert.

GODKJENNINGAR

NSD - Norsk senter for forskningsdata AS og REK – Regionale komitear for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk har vurdert og godkjent forskningsprosjektet.

Prosjektet vert avslutta innan desember 2021.

KONTAKTOPPLYSNINGAR

Dersom du har spørsmål til forskningsprosjektet, ynskjer melde di interesse eller nytte deg av rettighetene dine kan du ta kontakt med:

Masterstudent Lill Anette Juvik, tlf.: 95 93 05 05, e-post: lajuvik@online.no

Prosjektleiaren Anne Marie Sandvoll, tlf.: 57 67 76 31, e-post: anne.marie.sandvoll@hvl.no

Høgskulen på Vestlandet sitt personvernombodet i er: Trine Anikken Larsen, tlf. 55 58 76 82, e-post: trine.anikken.larsen@hvl.no

Har du spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

NSD - Norsk senter for forskningsdata AS på e-post: personverntjenste@nsd.no eller på tlf.: 55 58 21 17

Med vennleg helsing

Anne Marie Sandvoll

Prosjektansvarleg/rettleiar

Lill Anette Juvik

Masterstudent

EG SAMTYKKER TIL Å DELTA I PROSJEKTET OG TIL AT PERSONOPPLYSNINGANE MINE
VERT NYTTA SLIK DET ER SKILDRA

Stad og dato

Deltakar sin signatur

Deltakar sitt namn med trykte bokstavar

Telefonnummer

E-postadresse